

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Lekanger

Vår ref	Dykkar ref	Arkiv	Dato
1155 15/244 - 2		FA - L12	19.03.2019

Astruptunet - søknad om støtte til forprosjekt

Nikolai Astrup

Nikolai Astrup har alltid vore ein anerkjent og kjær malar i Norge, men fram til 2016 var han ein relativt ukjent kunstnar i internasjonal samanheng. Dette er i ferd med å endrast som følgje av den internasjonale lanseringa gjennom den kurererte utstillinga *Painting Norway, Nikolai Astrup 1880-1928*. Utstillinga av kunsten til Nikolai Astrup har vore ein stor suksess både i London, Emden og i Oslo og det er vidare planer om ei stor lansering i USA.

Hageprosjektet – restaurering av bygningane

Det var Sparebankstiftinga DNB som i 2015 tinga eit forskningsarbeid knytt til å beskrive historia, utviklinga og situasjonen på Astruptunet, jamfør *Arkadia Landskap, Astruptunet i Jølster. Nikolai Astrups gårdshage, Sandalstrand*, - hagehistorisk rapport 2017.

I tillegg til den historiske rapporten har Arkadia landskap utarbeidd ein rapport med restaureringsforslag for hagen og NIKU har utarbeidd ein rapport for å ivareta bygningane i Astruptunet. Tiltaka som er omtalt i desse rapportane er planlagt gjennomført over ein 4 års periode og skal etter planen startast opp våren 2019. Sparebankstiftelsen DNB er ein sentral part i finansieringa av desse tiltaka som samla har ein kostand på om lag kr. 48 mill, jamfør tabellen under.

Astruptunet					
Kostnader og finansiering fordelt i økonomiplanperioden 2019 - 2022					
	2019	2020	2021	2022	Sum alle
Sum kostnad alle tiltak	15 174 000	13 975 000	8 681 000	9 996 000	47 826 000
Mva kompensasjon	-2 079 125	-2 274 538	-1 412 900	-1 626 875	-7 393 438
Ekstern finansiering/tilskot	-10 594 875	-10 700 463	-6 268 100	-7 369 125	-34 932 563
Kommunal finansiering	-2 500 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-5 500 000
Sum finansiering	-15 174 000	-13 975 000	-8 681 000	-9 996 000	-47 826 000



Vi vil og syne til at filmen « Flammen over Jølster », om Nikolai Astrup sitt liv, skal ha premiere hausten 2019.

Det har såleis blitt sett meir søkjelys på Astrup som kunstnar og saman med hageprosjektet vil dette føre til auka besøkstal i Astruptunet i åra framover. I ein slik samanheng er det eit ønskje å legge forholda betre til rette i og rundt tunet, med betra tilkomstveg, parkering, og eit mindre besøkscenter.

Galleriet i Astruptunet

Jølster kommune er allereie i ferd med å gjennomføre tiltak i tunet. Som følgje av lekkasje i taket på galleriet har Jølster kommune eit eige prosjekt på opprusting av denne bygningen. I tillegg til nytt tak blir takvindauga fjerna. Innvendig blir overflatene teke igjen med ny maling og det blir lagt nytt golvbelegg. Det blir og bygd nytt vindfang for å oppnå eit meir stabilt klima i utstillingslokala. Dette arbeidt starta opp i september 2018 og vil vere ferdig i mai 2019. Prosjektet har ein samla kostnad på om lag kr. 2,5 mill.

Visningscenter

Eit visningscenter er viktig av fleire grunnar, men først og fremst er det viktig for å avlaste sjølve tunet. Bygningane i tunet er små og ikkje bygde med tanke på at mange besøkjande skal innom dei. Tunet ligg i ei bratt li og universell utforming er vanskeleg å få til. Andre viktige moment er at ein ynskjer å syne noko av Astrup sin kunst der han budde og der han arbeidde.

Astrupnemnd og mandat

I 2015 nemnde Jølster kommune opp eit utval, ei Astrupnemnd, som fekk mandat til å vurdere og jobbe med problemstillingane i og rundt tunet. Utvalet består av: Magne Aardal, leiar, Arne Sandnes og Leif Arne Aasen. I løpet av siste året har nemnda arbeidd med ulike løysingar for kvar ein kan plassere eit visningscenter i tilknytning til Astruptunet og kva tal besøkjande ein skal rekne med framover.

Behovsvurdering - besøkande

Som utgangspunkt tenkjer vi eit årsbesøk på mellom åtte og ti tusen, behov for parkeringsplassar på til saman ca. 30 bilar, og parkering også for buss. Noverande parkering ved vatnet har plass til ca. 20 bilar.

Nemnda legg til grunn eit arealbehov for visningscenteret på ca. 300 m2 med kafe/kjøkken, utstillingslokale for Astrup sin kunst, toalett, heis og eit kontor. Nemnda tenkjer at visningscenteret må byggjast og plasserast slik at det får ein neddempa utsjånad. Fokuset er framleis Astruptunet og visningscenteret skal tilpassast eksisterande terrenget og ikkje ha ein framskoten plass.



Forprosjekt

Nemnda har med grunnlag i mandatet sett i gang eit forprosjekt, der vi ønskjer å greie ut fleire alternative løysingar:

- a) Tilkomst frå vest, med visningscenter og parkering der
- b) Vinsningscenter ved vatnet, med tilkomstveg til tunet frå vest.
- c) Tilkomst/parkering frå aust, med vinsningscenter der.

I dette arbeidet har vi engasjert Nordplan for å sjå på ulike måtar å løyse parkering og tilkomst til tunet i tillegg til eit visningscenter. Eit overordna mål er å få illustrert terrengingrepa som grunnlag for vidare vurdering av moglege løysingar. Sjå vedlegg frå Nordplan.

Med grunnlag i det arbeidet som no er gjennomført er det utarbeidd eit kostnadsoverslag for vidareføring av forprosjektfasen, jamfør vedlagt budsjett. Kostnaden er vurdert til 1,4 mill + meirverdiavgift.

For å få gjennomført denne prosessen, søker vi med dette Sogn og Fjordane fylkeskommunen om økonomisk støtte på kr 1,4 mill.

Er det ynskje om meir informasjon om arbeidet og vidare framdrift må de gjerne ta kontakt med:

Oddmund Klakegg, ordførar
Magne Aardal, leiar Astrupnemnda

Med helsing



Oddmund Klakegg
Ordførar
57726105

Vedlegg:

Astruptunet notat Nordplan

Forprosjektering Astruptunet



Notat

Prosjekt: Astruptunet- infrastruktur/ visningssenter

Sak: 19018, Arvid Tveit

Dato 08.03.2019

Etter oppdrag frå arbeidsgruppa for utvikling av Astruptunet har Nordplan AS sett på ulike måtar å løyse parkering og tilkomst til tunet. Overordna mål med oppdraget er å få illustrert terrenginngrepa som grunnlag for vidare vurderingar.

Det er eit ønskje å få etablert eit visningssenter i tilknytning til tunet som skal bestå av kiosk, toalettanlegg og utstillingslokale.

Nordplan har sett på 3 ulike alternativ på korleis tilkomst og parkering kan løysast. Resultatet av mogleg infrastruktur har vore avgjerande for kor visningssenteret kan plasserast.

Ved utarbeiding av dei ulike alternativa har det vore viktig å gjere minst mogleg tiltak i sjølve tunet og at mest mogleg av omgjevnadene i og rundt tunet skal vere upåverka. Å få til universell tilkomst til tunet har vore utfordrande då terrenget er svært bratt. Dagens parkering ved Jølstravatnet, med kapasitet på ca. 20 bilar og 2 bussar, ligg på kote 210 og Astruptunet ligg på kote 230-24

Alt. 1 Tiltak aust for Astruptunet.

Det er lagt til grunn eit visningssenter på ca. 300m² og 3 et. Parkeringsplass for 10 bilar (20m² per bil) og ein buss.

Ny tilkomstveg (85m lang) med avkøyning frå fylkesvegen like aust for dagens parkeringsplass. Høgde start/stopp 209moh – 219moh. Stigning på ca 12%.

Gangveg til tunet frå 3. et i visningssenter med stigning 10%. Gangvegar frå dagens parkering til visningssenter og frå ny parkering til hytte søraust for parkeringsplassen med trapp langs visningssenter.

Området ligg innanfor det som er vurdert som skredområde. Krav til frisisiktsone i avkøyning på 6x126m.

Alt. 2 Tiltak vest for Astruptunet.

Det er lagt til grunn eit visningssenter på ca. 300m² og 2 et. Parkeringsplass for 10 bilar (20m² per bil) og to bussar.

Eksisterande tilkomstveg (270m lang) med avkøyning frå fylkesvegen vest for Astruptunet.

Høgde start/stopp 209moh – 234moh. Gjennomsnittleg stigning på ca 9%.

Gangveg til tunet (100m) frå visningssenter med stigning ca. 2%.

Området ligg innanfor det som er vurdert som skredområde.

Krav til frisisiktsone i avkøyning på 6x126m.

Alt. 3 Tiltak nord for Astruptunet ved Jølstravatnet.

Det er lagt til grunn eit visningssenter på ca. 300m² og 2 et. Utviding av dagens parkering med 10 plassar for personbilar og 2 for buss.

Utfylling i vatnet 35m x 17 til kote 209. Eksisterande naust må rivast.

Nyttar eksisterande avkøyning frå fylkesvegen. Krav til frisisiktsone i avkøyning på 6x126m.

Nyttar dagens gangveg opp til tunet. Etablerer ein universelt utforma sti (100m) frå eksisterande køyreveg i vest, med gjennomsnittleg stigning ca. 2%.

Prosjekt:	Astruptunet, tilkomstveg og besøkssenter				
	Budsjett kostnader forprosjektfase				
Dato	07.03.2019		Dok. Nr.:	02.02.04-2	
Post	Tekst	Mengde	Enhet	Enhetspris	Sum
					-
					-
	Forprosjektfase				-
	Utredning og kvalitetsikring av alternative løysingar for tilkomst og plassering av besøkssenter ex. geotekniske vurderingar	140	t	1100	154 000,00
	Møter for informasjon til grunneigarar og andre involverte partar	1	rs	35000	35 000,00
	Geoteknisk rapport	1	rs	210000	210 000,00
	Reguleringsplan	1	rs	140000	140 000,00
	Prosjekteringsleieing	100	t	1100	110 000,00
	Forprosjekt prosjekteringsgrunnlag/anbodsgrunnlag (ARK, RIB, LARK, RIV, RIE,)	1	rs	750000	750 000,00
					-
	Sum kostnader forprosjekt				1 399 000,00
					-